

Studenttinget 2016/2017

Referat 1. møte

Tid	28. september 2016 kl.17.25 –19.00
Stad	BK 157
Til stades med stemmerett	AHL: Trym Nikolas Rimmen, Nikolai Bjørnevik Flisnes AMF: Sindre Reinholt, Bernt Inge Berge AKF: Christian Tang Christiansen, Herman Bjørneset ASH: Oda Skoglund, Pål Jonas Eimhjellen Mundal (vikar for Silje Brekka) FHV: Guro Kvist, Toril Hagen, Fråfall: FHV: Connie-Marita Hanssen Karlsen (sjuk)
Til stades utan stemmerett	Arbeidsutvalet: Karoline Strand (leiar), Natalia Ramirez Garcia (internasjonalt ansvarleg), David Fiskaa (velferdsansvarleg), Håvard Bjørnerem (informasjonsansvarleg), Marie Havnsund (entreprenør – og næringslivskoordinator), Lisa S. Kalvø (nestleiar/fagansvarleg). Andre: Mari Stavdal (stud. repr høgskulestyret), Nikolai Hannevik Nordlid (ordstyrar), Pernille Røe Kontrollutvalget: Eirik Nybø, Serghei Levenco

Sak 00 – 16/17 Konstituering

Ingen hadde innvendingar mot at Nikolai blei ordstyrar.

Hadde ei presentasjonsrunde.

Nikolai gikk gjennom reglane for møtet.

Vedtak: Nikolai Hannevik Nordlid innstilles som ordstyrar.

Sak 01 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Spørsmål om Studenttinget kan få referat frå styremøtet?
Vi sendte det ut før, men Studenttinget ville ikkje ha det.

Karoline foreslår at AU kan diskutere dette i eit styremøte og kome fram til ei løysning på dette.

Ingen motsetningar til forslaget.

Vedtak: innkallinga blei godkjent.

Sak 02 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Forslag om å sette på mat i sakspapira.

Vedtak: sakliste og dagsorden blei godkjent.

Klokka 19.00 foreslår Karoline å endre dagsorden for å holde tidsskjemaet.

Foreslår å flytte sak 9, 10 og 11 til neste møte.

Ingen er i mot dette.

Bytar om sak 7 og 8.

Vedtak: Sak 9,10 og 11 blir flytta til neste studenttingsmøte. Vi bytar om rekkefølga på sak 7 og 8.

Sak 03 – 16/17 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Orientering AU

Karoline informerte om kva arbeidsutvalet har jobba med sidan studiestart.

Strategiverksted i morgon 29/9-16 kl 16. Teknisk sett obligatorisk for studentrepresentantane.

Opplæring 13 oktober kl 16.00. Opplæring om høgskulen, kven er høgskulen, verdiar, budsjett.

David informerte om at det blir møte med lag og organisasjonar før neste studenttingsmøte.

Håvard informerte om kva han arbeidar om. Han ønsker litt hjelp til idear for Dassavisa.

Orientering frå Høgskulestyret

Høgskulestyret er det øvste organet på skulen. Her sit to studentar, rektor, prorektor, tre stk. frå høgskulen (to fagleg ansatte og ein administrativt ansatt) og fire eksterne representantar. To som veljast av kunnskapsdepartementet og to som veljast av fylket.

Sist møte i høgskulestyret var 8/9-16. Det var den lengste sakslista i styrets historie med 800 sider.

Vedtøkt å sende inn søknad om ny master i mediefag og ny master i lærarutdanninga.

Nikolai prøvde å få tatt opp ei sak som går på satsing på studentdemokratiet på høgskulen i Volda ved å få frikjøpt leiar i STiV. Det var ikkje rektor så interessert i å ta på det møtet og har sendt saka til høgskuledirektør for at han skal utarbeide eit forslag til neste høgskulestyremøte i slutten av oktober.

Har også forslått å auke satsane til arbeidsutvalet.

Studentsamskipnaden for Sunnmøre.

Hadde første møte i fadderveka.

Tormod blei valt som leiar, Karoline nestleiar og Natalia er med i styret.

Frå 1 januar har vi vedtatt å endre namn til Studentsamskipnaden i Volda. Skal ha strategiverksted i neste veke når vi har møte. Vi jobbar med å utvikle velferdstilbuda.

Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 04 – 16/17 Møteplan for studieåret

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Håvard informerte om Arbeidsutvalet sitt forslag på møteplan. Vi har hatt ein tradisjon på at det skal vere siste onsdagen i månaden. Derfor er det valt desse datoane.

Endringsforslag: Møtestart kl 17.00 og mat før dette (16.30) slik dei som ønska å gå på quiz kan det.

Hyttetur: spørsmål om noko av dette blir dekkja, vil det leggest opp til felles transport?
Karoline: Planen er at alt blir dekkja. Med tanke på transport er vi avhengig av at dei som har bil kan fylle opp sine bilar og kjøre. Meir info vil kome på møtet i november. Det er fleire i AU som har bilar som vil kjøre ned for å hente dei andre.

Veldig mange vil ha eksamen i veka før eller veka etter. Men alle har godt av ei pause. Derfor har vi valt denne helga.

Votering: ved handsopprekning. Absolutt fleirtal.

Vedtak: Møtetidspunktet blir endra til 16.30

Sak 05 – 16/17 Faddervekestyret orienterer om årets Fadderveke

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Vi har fått gode tilbakemeldingar frå alle hold. Vi hadde ingen alvorlege hendingar i løpet av veka. Politiet er også ganske nøgd med korleis faddervekestyret har handtert fadderveka.

Karoline vil oppfordre alle til å dele påmeldingsskjemaet for faddervekestyret neste år.

Natalia ville gratulere styret. Det har vore den beste fadderveka so lenge ho har vore her. Og den mest inkluderande med tanke på internasjonale studentar.

Vedtak : Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 06 – 16/17 Val av representantar for råd og utval

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

Lisa oppfordrar alle til å stille til ulike råd og utval. Vi går ikkje inn på kva dei ulike råda og utvala går ut på sidan dette er noko alle har fått tilsendt på e-post før møtet.

Alle får 20 sekund valtale.

Strategisk studienemd

Oda Skoglund
David Fiskaa
Pål Jonas Eimhjellen Mundal

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant: Oda Skoglund

1. vara: David Fiskaa
2. vara: Pål Jonas Eimhjellen Mundal

Fagansvarleg frå arbeidsutvalet er fast hovudrepresentant.

Klagenemda

Toril Hagen
Oda Skoglund
Herman Bjørneset Jensen
Nikolai Flisnes

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant: Nikolai Flisnes og Toril Hagen

Vara for Nikolai: Herman Bjørneset Jensen

Vara for Toril: Oda Skoglund

Internasjonalt utval

Sindre Reinholt
Håvard Bjørnerem
Trym Nikolas Rimmen

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant: Sindre Reinholt

1. vara: Trym Nikolas Rimmen
2. vara: Håvard Bjørnerem

Internasjonalt ansvarleg frå arbeidsutvalet er fast hovudrepresentant.

Læringsmiljøutvalet (LMU)

Marie Havnsund
Nikolai Flisnes
Guro Kvist
Pernille Røe
Lisa Kalvø
Christian Tang Christiansen
Nikolai Hannevik Nordlid

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant nr 1: Marie Havnsund
Hovudrepresentant nr 2: Nikolai Flisnes
Hovudrepresentant nr 3: Guro Kvist

1. Vara: Nikolai Hannevik Nordlid
2. vara: Pernille Røe
3. vara Christian T. Christiansen
4. vara: Lisa S. Kalvø

Velferdsansvarleg frå arbeidsutvalet er fast hovudrepresentant.

Tilsetningsrådet for faglige tilsetninger (TUFO)

David Fiskaa
Håvard Bjørnerem
Bernt Inge Berge
Oda Skoglund

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant: Håvard Bjørnerem

1. vara: David Fiskaa
2. vara: Oda Skoglund

Leiar frå arbeidsutvalet er fast hovudrepresentant.

Skikkanemda

David Fiskaa
Lisa Kalvø
Nikolai Flisnes
Trym Nikolas Rimmen
Toril Hagen

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant nr 1: Toril Hagen
Hovudrepresentant nr 2: Nikolai Flisnes

1. vara: David Fiskaa
2. vara: Lisa S. Kalvø

Forskningsutvalet

Karoline Strand
Christian Tang Christiansen
Oda Skoglund
Trym Nikolas Rimmen

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant: Karoline Strand

1. vara: Trym Nikolas Rimmen
2. vara: Christian T. Christiansen

Fagansvarleg frå arbeidsutvalet er fast hovudrepresentant.

Valstyret

Oda Skoglund
Herman Bjørneset Jensen
Guro Kvist

Votering: Urneval

Vedtak: Hovudrepresentant: Oda Skoglund

1. vara: Herman Bjørneset Jensen
2. vara: Guro Kvist

Informasjonsansvarleg frå arbeidsutvalet er fast hovudrepresentant.

Sak 07 – 16/17 Valt eller ansatt rektor

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Tre studenttingsrepresentantar måtte gå kl 20.00. Det blei derfor diskutert om møtet skulle lukkast slik vi kunne starte på diskusjonen om valt eller ansatt rektor, eller om vi skulle ta eit ekstraordinært møte neste veke.

Forslag: blir laga til ei avstemming om dag. AU setter opp forslag.

Votering: votering ved handsopprekning. Absolutt fleirtal.

Vedtak: Blir vedtatt ekstraordinært møte. AU får fullmakt til å sette møte.

Sak 08 – 16/17 Supplering av vara til AMF

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Natalia Ramirez Garcia

Vi manglar ein vara til mediefag.

Det er to stk som vil stille til val som vara, og vi ønsker at dette skal vi stemme over i dag.

Siri Halvorsen 3. klasse PR
Pernille Røe 1. klasse PR

Kommentar: det kunne bli urettferdig val sidan vi har møtt Pernille, men ikkje Siri. Kanskje dei kunne skrive eit lite notat på kven dei er?

Karoline: Normalt sett er det berre AU som vel ut ein kandidat. Vi ønska at dette valet blir tatt i dag.

Det blei stemt på om denne saka skulle takast no eller neste møte.

Votering: aktiv stemming: 8 mot 2 stemmer på at det skal takast dette møtet.

Vedtak: Det blei vedtatt å ta valet no.

Votering: Urneval

Vedtak: Pernille er valt som andre vara til mediefag

Sak 09 – 16/17 Ein grønare høgskule

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: David Fiskaa

Denne saka blir utsatt til neste studenttingsmøte.

Vedtak: Det blir ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker

Sak 10 – 16/17 Studentposar

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Marie Havnsund

Denne saka blir utsatt til neste studenttingsmøte.

Vedtak:

Sak 11 – 16/17 TV- aksjonen

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Denne saka blir utsatt til neste studenttingsmøte.

Vedtak: Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 12 – 16/17 Ymse

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Talarstol:

På landsmøte og liknande har dei talarstol. Derfor vil vi no introdusert denne på møte. Denne vil bli brukt under saksframlegg. Dette vil vi diskutere på AU møte neste veke. Er det nokon tankar om dette?

- Godt forslag. Kul måte å øve seg på å snakke framfor folk. Dersom nokon gruar seg kan dette hjelpe personen på å øve seg på dette.
- Ei utfordring vil ver at du mistar ein del av deltakinga dersom nokon ikkje ønska å stå på talarstolen. Det kjem an på når vi brukar denne.

Karoline: Slik eg ser på stemninga er det ønske for å prøve. Då prøvar vi på neste møte og ser korleis dette blir.

Foredrag om organdonering

Sindre har fått forslag ifrå ein i klassa om å ha foredrag om organdonering. Dette er noko vi kan gjere.

Aasenaudotoriet – luft

Lufta er god nok. Dette har blitt målt og det er innanfor forskriftene. Dette er ikkje noko vi kjem noko vidare med. Målinga blir gjennomført i løpet av 3 veker. Det blir målt kvart 5 minutt.

Har ønske om å danne band

Men vi har ikkje tilgang på musikkrom. Er dette noko vi kan ta opp i STiV?

Det som er, er at bandrommet berre er for musikkstudentar på grunn av mykje dyrt utstyr. Men der er øvingsrom med piano og gitar som andre får bruke.

Forslag om at AU og fagansvarleg går vidare med å finne ut om dette kan bli mulig.